

## US 84/10 Etablering av European Master in Migration and Intercultural Relations

ePhortesak: 2010/1793  
Møtedag: 30. september

Saksansvarleg: Kristofer R. Henrichsen  
Informasjonsansvarleg: Kristofer R. Henrichsen

### Saka gjeld:

Det humanistiske fakultetet søkjer om omstrukturering av Joint Master in Migration and Intercultural Relations med nytt namn European Master in Migration and Intercultural Relations. Oppstart for det omstruktureerte programmet er planlagt til hausten 2011.

Programmet vart etablert av styret hausten 2005 og hadde fyrste opptaket hausten 2006.

Fakultetet fekk etter søknad fullmakt frå rektor til å greia ut eventuell nedleggjing av studiet i brev av 1. mars 2010. Grunnen til dette var vanskeleg økonomi for studiet og krav til fakultetet om å redusera verksemda som ein del av Bofu-prosessen. Samtidig var det søkt om Erasmus Mundus-status for studiet. I påvente av svar på denne søknaden har fakultetet valt å utsetja søknaden om nedleggjing og i staden søkja om ei omstrukturering av studiet med nytt namn: European Master in Migration and Intercultural Relations.

Samstundes er det nå etablert eit nytt konsortium med nye partnerar, der også universitet utanfor Europa er med. Dette vil styrkja den globale karakteren i programmet. I det nye programmet skal University of Oldenburg ha det administrative hovudansvaret og dette vil letta ressurskravet ved UiS.

I brev frå Education, Audiovisual and Culture Executive Agency (EACEA) AV 13.08.2010 er det nå stadfesta at programmet er tildelt Erasmus Mundus-status. Dette gir høve til nemna programmet som "European Master".

Tildeling av Erasmus Mundus-status gjer at programmet nå vil ha eit sikrere finansieringsgrunnlag, men det vil framleis stå att noko arbeid for fakultetet i å sikra den nødvendige eigenfinansieringa som er føresett i tildelinga. Dette gjeld hovudsakleg UiS sine egne undervisningsressursar.

Styret for Universitetet i Stavanger har i Strategidokument 2009 – 2020 sett seg som mål at det skal etablerast fem internasjonale fellesgrader pr fakultet på MA- og phd-nivå pr fakultet innan 2020. I dag er Joint Master in Migration and Intercultural Relations det einaste programmet ved UiS i denne kategorien. Programmet er i eigenskap av å vera eit internasjonalt fellesprogram ein del av universitetet sin strategi i internasjonalisering.

Søknad om etablering av det omstruktureerte studieprogrammet ligg nå føre til handsaming i styret.

### Framlegg til vedtak:

Styret vedtek den omsøkte omstruktureringa av Joint Master in Migration and Intercultural Relations med nytt namn: European Master in Migration and Intercultural Relations med oppstart hausten 2011. Styret vil gi ros til fakultet, institutt og fagmiljø for å ha oppnådd "European Master"-status for programmet.

Stavanger, 15. september 2010

Per Ramvi  
universitetsdirektør

## Saksutgreiing: US 84/10 Etablering av European av European Master in Migration and Intercultural Relations

### Bakgrunn

Det humanistiske fakultetet søker om omstrukturering av Joint Master in Migration and Intercultural Relations med nytt namn European Master in Migration and Intercultural Relations. Oppstart for det omstrukturerte programmet er planlagt til hausten 2011.

Programmet vart etablert av styret hausten 2005 og hadde fyrste opptaket hausten 2006. Det andre kullet av studentar vil verta ferdig sommaren 2011.

Fakultetet fekk etter søknad fullmakt frå rektor til å greia ut eventuell nedleggjing av studiet i brev av 1. mars 2010. Grunnen til dette var vanskeleg økonomi for studiet og krav til fakultetet om å redusera verksemda som ein del av Bofu-prosessen. Samtidig var det søkt om Erasmus Mundus-status for studiet. I påvente av svar på denne søknaden har fakultetet valt å utsetja søknaden om nedleggjing og i staden søkja om ei omstrukturering av studiet med nytt namn: European Master in Migration and Intercultural Relations.

I brev frå Education, Audiovisual and Culture Executive Agency (EACEA) AV 13.08.2010 er det nå stadfesta at programmet er tildelt Erasmus Mundus-status.

Det eksisterande programmet synte seg å ikkje vera berekraftig og innebar at Utdanningsdirektøren støtta med administrative ressursar i storleik ein halv stilling. Ei årsak til den vanskelege økonomien i programmet var at UiS har hatt det administrative hovudansvaret for gjennomføringa. Det har vore god søknad til studiet men UiS får kun uttelling for 60 ECTS i staden for 120 ECTS. Det har også vore problem med rapportering til DBH pga. forsinka semesterstart, og det var få studentar i fyrste kullet som gjennomførde.

Programmet vert styrt av eit konsortium som består av representantar frå dei ulike partnerinstitusjonane. Nå er det etablert eit nytt konsortium med nye partnerar, der også universitet utanfor Europa er med. Dette vil styrkja den globale karakteren i programmet. I det nye programmet skal University of Oldenburg ha det administrative hovudansvaret og dette vil letta ressurskravet ved UiS.

Partnerane i det nye nettverket er:

University of Oldenburg, Tyskland  
 Universitetet i Stavanger, Norge  
 University of Nova Gorica, Slovenia  
 University of South Bohemia, Tsjekkia  
 Ahfad University for Women, Sudan  
 Makerere University, Uganda  
 Mbarara University of Science & Technology, Uganda

### Handsaming i utdanningsutvalet

Utdanningsutvalet handsama søknaden frå fakultetet i møte 8. september og gjorde fylgjande vedtak:

Utdanningsutvalet støttar den omsøkte omstruktureringa av Joint Master in Migration and Intercultural Relations med nytt namn: European Master in Migration and Intercultural Relations.

### Økonomi

I søknaden er det gjort greie for økonomien i det nye programmet. Det vil fylgja med midler for kvar student som får Erasmus-stipend og ein del av stipendet skal studentane betala inn til konsortiet som så igjen fordeler midla til partnerinstitusjonane. UiS vil få ein sum på 50.000 Euro for det andre semesteret, då alle studentane skal vera her. 16.000 Euro av desse pengane vil fakultetet bruka til administrasjon av programmet med ei kvart stilling, og ein del av midla vil verta brukt til eksterne førelesarar frå dei andre partneruniversiteta. Universitetet har ikkje høve til å bruka noko av dette til å løna eigne, fast tilsette lærarar. I dette ligg det ei utfordring som fakultetet og instituttet arbeidar med å løysa. Frå leiinga ved UiS kan det verta stilt omstillingsmidler til disposisjon for ein treårsperiode etter søknad frå fakultetet.

I tillegg til det som er nemnt over vil UiS også verta tildelt frå 10.000 til 30.000 Euro frå konsortiet pr kull som vert teke opp. Det er planlagt opptak kvart år. Endeleg fordeling her vil verta vedteke i ein partnerskapsavtale som skal godkjennast av EU-kommisjonen i løpet av hausten.

For tredje og fjerde semester vil UiS få tildelt ca 9.000 Euro pr student pr semester som residerer her. Dette er avhengig av avlagde ECTS.

Det er også mogeleg for partnerinstitusjonane å søkja konsortiet om tildeling av midler til å dekkja uføresette utgifter, innføre ei avgrensa ramme på 7.000 Euro pr år.

Før oppstart hausten 2011 vil fakultetet ha trong for noko arbeidstid til administrasjon av søknads- og opptaksprosessen. Dette må fakultetet dekkja utan midler frå konsortiet.

Det vert elles vist til budsjettet i vedlegget.

### **Strategi**

Styret for Universitetet i Stavanger har i Strategidokument 2009 – 2020 sett seg som mål at det skal etablerast fem internasjonale fellesgrader pr fakultet på MA- og phd-nivå pr fakultet innan 2020. I dag er Joint Master in Migration and Intercultural Relations det einaste programmet ved UiS i denne kategorien. Programmet er i eigenskap av å vera eit internasjonalt fellesprogram ein del av universitetet sin strategi i internasjonalisering.

### **Vurdering**

At det nå føreligg positivt svar på søknaden om Erasmus Mundus-status er serleg gledeleg. Dette er ei viktig anerkjenning av det arbeidet som er gjort med programmet og ein inspirasjon for internasjonaliseringsarbeidet ved Universitetet i Stavanger.

Vidareføringa av dette programmet er i tråd med sentral strategi for UiS, slik det er uttrykt i Strategidokument 2009 – 2020.

Omstruktureringa inneber også samarbeid med nye partnarar, både i Europa og i Afrika. Dette ser utdanningsdirektøren som ei positiv utvikling og eit ledd i å opna opp for eit større nedslagsfelt for vårt universitet, både når det gjeld fagleg utveksling og søkjargrunnlag for dette programmet. Ei større global kontaktflate kan vera med og gjera programmet serleg attraktivt som læringsarena innføre faget.

Den økonomiske situasjonen gjorde det vanskeleg å oppretthalda programmet i eksisterande form. Tildeling av Erasmus Mundus-status gjer at programmet nå vil ha eit sikrere finansieringsgrunnlag, men det vil framleis stå att noko arbeid for fakultetet i å sikra den nødvendige eigenfinansieringa som er føresett i tildelinga. Dette gjeld hovudsakleg UiS sine eigne undervisningsressursar.

På bakgrunn av den føregåande utgreiinga og vurderinga vil universitetsdirektøren tilrå styret å etablere studieprogrammet European Master in Migration and Intercultural Relations.

### **Framlegg til vedtak:**

Styret vedtek den omsøkte omstruktureringa av Joint Master in Migration and Intercultural Relations med nytt namn: European Master in Migration and Intercultural Relations med oppstart hausten 2011. Styret vil gi ros til fakultet, institutt og fagmiljø for å ha oppnådd "European Master"-status for programmet.

Stavanger, 15. september 2010

Per Ramvi  
universitetsdirektør

Kristofer R Henrichsen  
utdanningsdirektør

Vedlegg:

Møtebok fra Utdanningsutvalget 8. september 2010  
Søknad frå Det humanistiske fakultetet  
Svarbrev frå Education, Audiovisual and Culture Executive Agency

Utrykt vedlegg:

EM full application

Saksbehandler: rådgjevar Eilef J. Gard, Utdanningsavdelinga